



Norddal kommune

Strategisk næringsplan 2016-2026



Innhold

1. Innleiing	2
2. Status.....	3
2.1 Statistiske nøkkeltal.....	3
3. Målsetting.....	4
3.1 Hovudmål	4
3.2 Delmål.....	4
4. Satsing på ungdom	5
5. Nyetablering og vekst.....	6
6. Identitet og omdøme	8
7. Vidareutvikle levedyktige lokalsamfunn	9
8. God organisering av næringsutviklingsarbeidet.....	10
9. Handlingsprogram 2016 – 2019	11

1. Innleiing

I strategisk næringsplan er landbruket likestilt med andre næringar. Landbruket er ei særskild viktig næring for kommunen og fundamentet for utvikling av andre næringar. Dei som arbeider i landbruket er ikkje lenger berre råvareprodusentar, men har multifunksjonelle oppgåver innan vidareforedling, turisme og andre tilleggsnæringar. Mange store bedrifter har hatt sitt opphav i ei tradisjonell landbruksnæring. Å sjå at ting heng saman er svært viktig både i næringslivet og i den kommunale kvardagen.

Næringsplanen er Norddal kommune sitt næringspolitiske verkty. Det vil seie at dette er eit dokument som seier kva kommunen vedtek å legge vekt på i den lokale næringspolitikken.

Kommuneplanen for Norddal sin samfunnsdel gjeld frå 2007 – 2018. Denne planen er vedteken av kommunestyret og utforma med generelle formuleringar for viktige satsingsområde, og er retningsgjevande for alle andre delplanar som vert utarbeidd. Hovudmål/satsingsområde i kommuneplanen sin samfunnsdel er: Endringsvilje, Kommunal identitet, NaKuHel, Næringsutvikling, Samferdsle og Miljø og berekraftig utvikling.

Under arbeidet med Strategisk næringsplan har ein teke med seg viktige signal og erfaringar frå omdømmearbeidet, døropnarprosjektet, diverse LUK- prosjekt og arbeidet med tettstadutviklinga. Omdømmestrategien som kommunen har vedteke med omgrepet **livskraft** er igjen forankra i mange sentrale planar.

Kommunen har ein vedteken kulturplan. Samspelet mellom kultur og næring er viktig og kan skape nye arbeidsplassar. Kulturarbeidet er frivillig basert, og i kommunen utgjer dette over 40 årsverk.

Kommunestyret har nedsett ei prosjektgruppe som har arbeidd fram planen. Denne har bestått av:

Medlemar i prosjektgruppa

Arne Sandnes

Terese S. Jemtegård Moen

Finn Nustad

Øyvind Hoel

Gro Marita S. Valdal

Personleg vara

Ragnar Lørdøen

Torkjell Døving

Stein Ove Bjørge

Jannicke Tafjord

Ingunn Linge Valdal

Ungdomsrådet sin representant

Jørgen Tafjord Rødhammer første periode

Sigve Nydal siste periode

Personleg vara

Erik Matias Ytterli

Per Monrad Grønningsæter

Hovudtrekka i planen sin strategiske del skal ligge fast i planperioden, men handlingsdelen skal rullerast årleg.

2. Status

Landbruk, reiseliv og helse er viktige basisnæringar i Norddal kommune. All anna næring er knytt opp mot desse på ein eller annan måte. Kommunen er ikkje ei stor industrikommune og blir lite ramma av nedgangstider i industrien. På denne måten oppnår ein meir stabilitet og sikkerheit. Godt samarbeid mellom dei tre store basisnæringane vil kunne gi fleire og nye arbeidsplassar.

Kommunen si framtidig rolle blir legge til rette for næringslivet noko som vil krevje regionale løysingar i gode kompetansemiljø. Kommunen er med i fleire viktige samarbeid innan næring. Dette er nødvendig for å løyse større regionale utfordringar, men dette gir også styrke til å kome lengre mot nye mål og oppgåver. Døme på slike samarbeid er:

Destinasjon Ålesund & Sunnmøre
Verdsarvstiftinga/Grøn Fjord 2020
Skogtenester

Sunnmøre Regionråd
Nasjonal turistveg
Vilttenester

I tillegg samarbeider ein i ulike tidsavgrensa prosjekt.

2.1 Statistiske nøkkeltal

Dei statistiske tala er eit viktig bakgrunnstepp og ein slags “kommunal helsesjekk”.

- ✓ Folketalsutviklinga er framleis negativ – har hatt ei lineær utvikling over mange år
- ✓ Få arbeidsledige
- ✓ Nedgangen i sysselsettinga har vore på ca. 100 personar over 10 år
- ✓ Svært uheldig demografisk utvikling (folketalsvekst, netto innflytting, aldring)
- ✓ Sviktande kommuneøkonomi
- ✓ Inn og utpendlinga er like stor
- ✓ 31 % arbeider innan helse og sosialteneste
- ✓ 24 % innan servicenæringar
- ✓ 17 % innan landbruk



3. Målsetting

Hovudmål for næringsutvikling i Norddal er i kommuneplanen sin samfunnsdel 2007-2018 formulert slik:

Norrdal kommune skal ha eit lønsamt næringsliv og eit sterkt kompetansemiljø som vert omtala som berekraftig og nyskapande.

Prosjektgruppa ynskjer å forbetre og spisse kommuneplanen si målformulering, og har difor foreslått eit nytt hovudmål for næringsutvikling i Norddal kommune 2016-2026.

Det er nødvendig å etablere resultatmål og indikatorar slik at ein kan gjere ei god evaluering av dei ulike satsingane i planen.

3.1 Hovudmål

Norrdal kommune skal stimulere til eit lønsamt, nyskapande og berekraftig næringsliv som primært tek utgangspunkt i næringar som har naturlege konkurransefortrinn i området.

3.2 Delmål

1. Fleire og meir overlevingsdyktige verksemder
2. Fleire arbeidsplassar
3. Auke folketalet med minst 50 innbyggjarar i planperioden

4. Satsing på ungdom

VI VIL

Vi skal legge til rette for at ungdommen tidleg får inn entreprenørskapsånda, og at dei flytter heim att etter avslutta utdanning. Det er viktig at ungdomen får seg relevant arbeid eller startar eiga bedrift. Dette arbeidet skal starte på barnehagenivå med gode opplevingar knytt til heimbygda og bygdene rundt. Ein skal stimulere borna til å nytte naturen til å dyrke og lage mat, til friluftsliv og kulturelle opplevingar.

Arbeidet skal halde fram med entreprenørskapssatsing i skulen. Læringsplassar og sommararbeid for ungdom er viktig for at ungdommane kan vere i bygdene og knyte seg til og lære om lokalt næringsliv. Norddal kommune skal halde fram med «Ungdommens næringsfond» der ungdomsrådet kan løyve midlar til entreprenørskapstiltak blant ungdom, til dømes elevbedrifter i ungdomsskulane.

Norddal kommune ynskjer å halde god kontakt med ungdommen som flyttar ut for å utdanne seg, og å informere dei fortløpande om utvikling og mulegheiter heime i Norddal. Informasjonen skal skje både i form av mulegheiter for arbeid, å starte bedrift og ledige bustader til sals eller leige.



SLIK GJER VI DET

- **Medlemskap ungt entreprenørskap:** Det syner seg at dersom ungdommen får hjelp til å utvikle nye tankar og idear i eigen kommune er det stor sjanse for at dei kjem heim att etter at studietida er ferdig. Ungdommen blir ikkje vurdert som ein viktig ressurs for framtida. Elevbedrifter og læringsplassar må få høg prioritet.
- **Ungdommens næringsfond:** Dette er ungdomsrådet sitt eige næringsfond. Det er fleire år sidan det vart etablert med ei løyving på kr 100.000,-. Ungdommens næringsfond har også blitt kalla "Hoppekassa" det vil vere riktig at ungdomsrådet ser på dette. Det er utarbeidd eigne retningslinjer for fondet. Dei første åra vart det lite nytta, men seinare år har det vore stadig fleire som har vist interesse. Fondet må marknadsførast betre.

Satsing på ungdom omfattar også alle tiltaka i dei fire neste strategiane.

5. Nyetablering og vekst

VI VIL

Norddal kommune ynskjer å stimulere til nyetableringar og utvikling spesielt innanfor landbruksnæring, besøksnæring og helsenæring – og i kryssingsfelt mellom desse bransjane.

Eksisterande bedrifter i Norddal kommune må jobbe aktivt med nyskaping for å ruste seg for framtida. Spesielt viktig er det med samarbeid mellom bedrifter, og Norddal kommune vil prioritere samarbeidsprosjekt mellom bedrifter som sjølve syner vilje og evne til satsing. Fjordhagen skal sette i gang prosessen.



**Det har jag aldrig provat tidigare
så det klarar jag helt säkert.**

– Pippi Långstrump

SLIK GJER VI DET

- **Førstelineteneste for eksisterande bedrifter:** Mange bedrifter går svært godt og treng lite oppfølging, medan andre slit med drifta og treng hjelp og mindre justeringar for å møte framtida. Det viktigaste her er at desse bedriftene har nokon dei kan kontakte og få løyst større og mindre utfordringar.
- **Førstelineteneste for nyetableringar – Hoppid.no:** Det er viktig å kome i kontakt med nyetablerarane så tidleg som mogleg i prosessen for å få hjelp og rettleiing for viktige vegval. Fjordhagen forvaltar hoppid.no- midlar frå Møre og Romsdal fylkeskommune der etablerarar kan søkje om inntil kr 30.000,-. Vidare hjelp og finansiering har ofte vore kommunalt næringsfond og Innovasjon Norge. Utgiftene er timebasert rådgjeving.
- **Prosjekt helseturisme Muriparken:** Muritunet fekk midlar frå Fylket til eit 1- årig forprosjekt for Helseklynge. Gjennom bruk av natur, lokalmiljø og fagpersonell innan helse vil Norddal kommune kunne tilby turistar og tilreisande noko som stadig fleire etterspør. Eit 2-årig prosjekt for helseturisme er no i gang.

- **Generell støtte til forprosjekt, bedriftsutvikling og fellesgodefinansiering:** Dette vil vere sakene som skal handsamast av næringsfondstyret. Det skal vere søknadsfrist til næringsfondet to gongar i året, og eit eige næringsfondsstyre handsamar søknadane.
- **LUK-prosjekt for integrering av arbeidsinnvandrarar:** Dette er eit 3-årig prosjekt mellom kommunane Stranda, Stordal og Norddal. Prosjektet skal utvikle ein metodikk og eit program for korleis ein skal ta imot arbeidsinnvandrarar i distrikts- Norge.
- **Prosjekt tur- og sykkelsti Trollstigen – Geiranger:** Nye grønne trendar innan turisme syner at mange ynskjer meir individuelle opplevingar i flott natur. Langs aksen Trollstigen – Geiranger er det ulike ferdselsårar som skogsvegar, pilegrimslei og gamle bygdevegar som samla kan utgjere gode tur- og sykkelvegar.
- **Prosjekt Valldal Grønt – utviding av bæringsareal:** Det er gjennomført eit forprosjekt med spesielt utgangspunkt i utviding av jordbærarealet. Årsaken til dette er at importen av jordbær aukar og at Valldal Grønt har eit produksjonsanlegg som kan doble kapasiteten. Det vert no søkt på 3-årig hovudprosjekt.
- **Masterplanar for utvikling av viktige besøksnæringsområde:** Ein tenker her spesielt på geografisk avgrensa område som t.d. området ved Gudbrandsjuvet, men også andre lokalitetar i kommunen. Når det gjeld fellesgodefinansiering, omfattar dette tiltak som må vere på plass både for turistar og innbyggjarar. Døme på dette kan vere badstrand, toalett, beplanting m.v. som grunnlag for anna næringsutvikling.
- **Felles organisering, marknadsføring og sal av utmarksprodukt:** Jakt og fiske, men også ulike former for guiding er aktuelt her. Grunneigaren må her ha ei sentral rolle. Ein har signal om at det vil kome eit slikt prosjekt.
- **Prosjekt for landstraum i Valldal:** Valldal har i dag svært god tilgang til høgspennetnettet som gjer det mogleg med eit landstraumprosjekt. Fjordhagen AS har fått midlar frå fylket til å gjennomføre ein forstudie for etablering av landstraum i Valldal. Konklusjonen på sluttrapporten er at det er det er muleg å leggje til rette for landstraum i Valldal kombinert med lademulegheiter for andre skip/marine fartøy og ruteferje, buss og bil. Det må avklarast politisk om ein skal gå vidare med eit forprosjekt.
- **Oppfølging av småkraftsøknader til behandling i NVE:** NVE startar behandlinga av innkomne søknadar frå vassdrag i kommunen hausten 2016, og grunneigarane ynskjer assistanse ifb. med ev. ettersending/utfylling av dokumentasjon.
- **Prosjekt for næringsutvikling ut frå kulturarv:** Norddal kommune har ein rik kulturarv som nesten ikkje er nytta i samband med turisme. Her kan ein nemne lokalmat og eit anna stikkord er Severinbrauta.
- **Interkommunalt prosjekt for Inn på tunet – bedriftsutvikling:** Prosjektet skjer i samarbeid med kommunane Stranda, Sykkylven og Norddal. Prosjektet går fram til 02.01.2017. Føremålet med prosjektet er å utvikle eit godt og variert Inn på tunet- tilbod i kommunane. Ei viktig målsetting er å få etablert fleire Inn på tunet- tilbydarar i kommunane.

6. Identitet og omdøme

VI VIL

For å bidra til å stabilisere folketalet, skape nye, og vidareutvikle eksisterande verksemder er det naudsynt å synleggjere kommunen/lokalsamfunna som ein attraktiv stad å bu og arbeide. Norddal kommune ynskjer å skape ein næringsutviklingskultur der vi gler oss og er stolte over verksemder og tiltak som går bra. Slike haldningar stimulerer til nyskaping og er avgjerande for positiv næringsutvikling. Vi skal kommunisere stadkvalitetar og utvikling til både innbyggjarar, bedrifter, besøkjande, utflytta Norddalingar og potensielle tilflyttarar. Dette arbeidet skal byggjast på vedteken omdømmestrategi for Norddal kommune med «LIVSKRAFT» i fokus.



SLIK GJER VI DET

- **Livskraftportalen og elektronisk turistinformasjon:** LIVSKRAFT- portalen er nettbasert og i samsvar med kommunen sin omdømmestrategi. Det er no etablert ein 360 graders bildevising med mykje informasjon om kommunen. Dette blir no fortløpande vidareutvikla. Portalen er ei nyskaping når det gjeld informasjon som vil erstatte mange tradisjonelle måtar å informere på. Dette gjeld turistnæringa, næringslivet, kommunen sin administrasjon og alle med friluftsinnteresser. Næringsforumbedrifter har vore pådrivarar både finansielt og med eigeninnsats for å få på plass Livskraftportalen og vil også vere med vidare og finansiere drift saman med Norddal kommune.
- **Fotokonkurranse – tolking av livskraft:** Dette er eit mindre prosjekt som kan synleggjere kva ein meiner med livskraft, og at dette kan knytast til verdiar innan Na Ku Hel- satsinga. Her tenker ein seg eksterne sponsorar.
- **Næringsfondet sin optimistpris:** Det er viktig å sette fokus på det som er positivt både blant unge og eldre, men også i næringslivet. Det er ikkje alltid at dei store summene er viktigast, men at det som er positivt kan løftast opp og få god omtale i lokalmiljøet.

7. Vidareutvikle levedyktige lokalsamfunn

VI VIL

Ein viktig del av å satse på næringsutvikling er også å skape attraktive lokalsamfunn. Gode og trygge lokalsamfunn er ein avgjerande føresetnad for eit levedyktig næringsliv. Norddal kommune skal syte for at naudsynt infrastruktur for næringsutvikling og stadutvikling er på plass.



SLIK GJER VI DET

- **Full utbygging av fiber:** Dette er viktig for heile kommunen med omsyn til å møte framtida der effektivitet og rask kommunikasjon står sentralt. Det er gjort kommunalt vedtak om ei årleg løyving av anleggsbidrag på kr 700.000,- som skal takast frå næringsfondet.
- **Gjennomgangsbustader i alle bygder:** Dersom ein skal få ungdom og andre arbeidstakarar til å etablere seg i kommunen må ein ha passande bustader og tilby. Døroptenesta bør vidareførast med tanke på framleis å ha oversikt over kommunale bustader til leige og ha eit tett samarbeid med kommunen for oversikt over kommunale bustader. Slik det er i dag er det ikkje nok bustader tilgjengeleg på marknaden som kan fungere som prøvebustader. Ein bør ta initiativ til å få på plass prøvebustader til leige i alle bygdene anten gjennom nybygging eller oppussing. Husbanken bør vere ein aktiv medspelar når det gjeld finansiering.
- **Tettstadutviklingsprosjekt bygdesenter:** Kommunestyret handsama sak om vidare framdrift av tettstadutviklinga i Valldal sentrum i møte 26.03.2015. Nytt liv i Syltegata er viktig i dette arbeidet. Tettstadutviklingsprosjekt kan vere aktuelt i fleire bygder. Korleis ein kan tenke nytt og framtidretta, korleis skal ein møte turisten og samarbeid og samhandling må stå i fokus dersom ein skal få etablert varige verdiar.

8. God organisering av næringsutviklingsarbeidet

VI VIL

Næringshagen i Valldal og Fjordhagen AS skal bli næringspolitisk kraftsenter for indre fjordstrøk. Norddal kommune (både kommuneadministrasjon og politikarar) skal ha evne og vilje til å legge til rette for næringsutvikling og samarbeide tett med næringslivet. Norddal kommune ynskjer også å levere ei god vertskapsteneste for både tilflyttarar, besøkande og bedrifter.

Fjordhagen og næringsforumet skal vere basis for fellesgodefinansiering og samarbeid mellom næringsliv og kommunen.



SLIK GJER VI DET

- **“Grunnarbeid” for næringsutvikling:** Dette gjeld førstelinjetenesta som Fjordhagen utfører, og næringsdelen av stillinga til nærings sjefen. Etablering av ein idebank er noko ein ynskjer å satse på. Dette gjeld både unge og gamle som vil starte ny verksemd.
- **Vertskapsfunksjon:** Ein viser til sluttrapporten når det gjeld døroptenestene. Her går det klart fram kva som bør vidareførast. Dette bør skje i regi av Fjordhagen. Når det gjeld kontaktperson mot DÅS, er det naturleg at Fjordhagen får denne funksjonen framover.
- **Sal og marknadsføring gjennom DÅS (Destinasjon Ålesund og Sunnmøre):** Det er etablert ein samarbeidsavtale mellom Norddal kommune og DÅS. Avtalen gjeld frå 01.01.2014. Etter vedtak i kommunestyret 18.06.2015 er avtalen ført vidare. Det må avklarast vidare drift og lokalisering av turistinformasjonen.
- **Næringsforum:** Fjordhagen fungerer som sekretariat for næringsforum. 40 bedrifter er no med, og dei tek opp viktige saker innan all kommunal næringsutvikling. Bedriftene betaler kr 2.000,- årleg for å vere med i næringsforumet.
- **Landbruk Nordvest – rådgjevingsteneste for landbruket:** Kommunalt tilskot har i fleire år vore på kr 100.000,-. Det er søkt om kr 135.000,- for 2016. Tilskotet er eit driftstilskot. Landbruk Nordvest har mange prosjekt som er spesielt viktig for landbruksnæringa i kommunen.

9. Handlingsprogram 2016 – 2019

Tiltak	Ansvar	N.fond 2016	N.fond 2017	N.fond 2018	N.fond 2019
5.1 Satsing på ungdommen					
Medlemskap Ungt Entreprenørskap	Norddal Kommune	5.000	5.000	5.000	5.000
Ungdommens næringsfond	Ungdomsrådet	50.000	50.000	50.000	50.000
5.2 Stimulere til nyetableringer og vekst og nyskaping i eksisterende næringsliv					
Førstelinjeteneste for eksisterende bedrifter	Fjordhagen	50.000	50.000	50.000	100.000
Førstelinjeteneste for nyetableringer - Hoppid.no	Fjordhagen	250.000	250.000	250.000	250.000
Prosjekt helseturisme Muriparken	Muritunet	325.000	325.000	0	0
Generell støtte til forprosjekt, bedriftsutvikling og fellesgodefinansiering	Næringsfond- styret	461.000	500.000	825.000	775.000
LUK-prosjekt for integrering arbeidsinnvandrere	Fjordhagen	39.000	0	0	0
5.3 Identitet og omdømme					
Livskraftportalen og elektronisk turistinformasjon	Fjordhagen	100.000	100.000	100.000	100.000
5.4 Levedyktige lokalsamfunn					
Full utbygging av fiber	Norddal kommune	700.000	700.000	700.000	700.000
5.5 Organisering av næringsutviklingsarbeidet					
Grunnarbeid for næringsutvikling	Fjordhagen/ Norddal kommune	670.000	670.000	670.000	670.000
Vertskapsfunksjon (kontaktperson DÅS, døropparteneste)	Fjordhagen	150.000	150.000	150.000	150.000
Sal og marknadføring gjennom DÅS	Norddal kommune	50.000	50.000	50.000	50.000
Næringsforum	Fjordhagen	50.000	50.000	50.000	50.000
Landbruk Nordvest rådgjevingsteneste for landbruket	Norddal kommune	100.000	100.000	100.000	100.000
Sum tiltak		3.000.000	3.000.000	3.000.000	3.000.000